

# Universitetet i Bergen - Årsmelding 2006



Kåre Rommetveit, universitetsdirektør (2006)

## Internasjonalisering for framtida

Universitetet i Bergen har som mål å vidareutvikle seg som eit internasjonalt synleg forskingsuniversitet. Det er eit ambisiøst mål, med følgjer for universitetet sine strategiske val på alle plan.

[Les meir](#)



Sigmund Grønmo, rektor

## Innhald

### UiB 2006

- Studiekvalitet under lupa
- Forskinga blir stadig meir internasjonal
- Formidlingstenester i ny drakt
- Fondsmidlar rekrutterer unge forskingsleiarar
- Millionar til nord-sør-samarbeid
- Tal for 2006

### Fagleg verksemd

- Det historisk-filosofiske fakultet
- Det juridiske fakultet
- Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet
- Det medisinske fakultet
- Det odontologiske fakultet
- Det psykologiske fakultet
- Det samfunnsvitenskapelige fakultet
- Universitetsbiblioteket
- Bergen Museum



## Studiekvalitet under lupa

Arbeid med studiekvalitet, og informasjon om UiB sitt studietilbud, er viktige område for Utdanningsavdelinga.

### Eksamenstal

Studenttalet gjekk litt ned i 2006, men talet på eksamensmelde kandidatar er likevel litt høgare enn i 2005, om lag 67 400 mot 66 600 i 2005. Strykprosenten gjekk ned med om lag ein prosent frå 2005 til 2006. Det er ein liten auke i avlagde studiepoeng, frå 10 554 i 2005 til 10 652 i 2006. Dette gjev ein auke i talet på studiepoeng per student per år frå 41,3 i 2005 til 42,3 i 2006.

I løpet av 2006 har talet på studentar ved UiB i gjennomsnitt vore på 15 120. Av desse var det 757 nye studentar våren 2006, og 3830 nye studentar hausten 2006. Det samla talet på registrerte utanlandske studentar ved UiB var på 1457 våren og 1717 hausten 2006.

### Nye studieprogram

Det er utvikla tre nye treårige bachelorprogram (USA-studium, språk og interkulturell kommunikasjon og nanovitskap) og to nye toårige masterprogram (i nanovitskap og i region og regionalisering). I tillegg har UiB overteke eit årsstudium og eit toårig masterprogram i musikkterapi frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

### Studentopptak og mobilitet

UiB var til stades på ni utdanningsmesser i 2006, og vitja om lag 115 vidaregåande skular og folkehøgskular i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Totalt var det 7764 søkjarar som hadde Universitetet i Bergen som sitt førsteval ved hovudopptaket av norske studentar til lågare grad hausten 2006. Det er ein reduksjon frå 8321 på same tid i 2005. Talet på utanlandske søkjarar auka kraftig. Særleg stor var auken av søkjarar gjennom Erasmusprogrammet, kvoteordninga og av sjølvfinansierande masterstudentar. Mobiliteten gjennom utvekslingsavtalar og program auka tydeleg frå 2005 til 2006, både for innreisande og utreisande studentar. Utdanningsavdelinga deltok i 2006 på ei delegasjonsreise til Argentina og Chile og koordinerte kontaktreiser mellom anna til Storbritannia og Ghana, med føremål å legge betre til rette for studentmobilitet.

Norske og internasjonale nye studentar fekk eit samla mottak i Grieghallen og på fakulteta hausten 2006. Mottaket la vekt på informasjon og sosial integrering, mellom anna gjennom ei tilrettelagt mottaksveke og tilbud om deltaking i faddergrupper. 75 prosent av dei nye norske og 62 prosent av dei nye utanlandske studentane deltok på fadderarrangement.

## Studentsørvis

Talet på studentekspedisjonar har som venta gått ned, frå 40 700 i 2005 til 27 000 i 2006. Det skuldast mellom anna at Lånekassa sidan hausten 2005 har betalt ut lån direkte til studentane. Talet på studentar som er innom Studentekspedisjonen vil venteleg stabilisere seg framover. Studentekspedisjonen og informasjonstenesta for utreisande studentar ("Verdsrommet") blei frå desember 2005 lokalisert saman med avdelinga sine andre studentretta tenester.

Utdanningsavdelinga er sterkt representert i fleire nasjonale fora som vurderer tiltak for å betre læringsmiljøet for studentar med nedsett funksjonsevne. I 2006 er det sett i gang eit nasjonalt arbeid for å sikre studentar med synshemming tilgang til studielitteratur. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2007. Utdanningsavdelinga arbeider òg for å leggje til rette intranettet for studentar med synshemming.

## IKT-ressursar

Utdanningsavdelinga er ansvarleg for UiB sitt intranett for studentar, "Mi side", med timeplan, pensumlistar, studieplanar, førelingsplanar, anna undervisningsmateriell og meldingar som gjeld dei emna studentane er melde til. Tenesta hadde i gjennomsnitt om lag 10 000 daglege påloggingar i 2006. Det er ein auke frå 2005 på om lag 1000 daglege påloggingar.

Læringsmiljøutvalet fekk utarbeidd ei eiga læringsmiljøhandbok for studentane i 2005. Boka, som er ein parallell til dei tilsette si arbeidsmiljøhandbok, vart i 2006 gjort om til ei elektronisk utgåve, og ligg i dag på Studentportalen som eit lett tilgjengeleg verktøy for studentar som er misnøgd med omstende i studiekvardagen sin.

## Studiekvalitet

Universitetet sin pris for framifrå arbeid med studiekvalitet vart første gong delt ut i 2006. Prisen gjekk til Akademisk skriving ved HF-fakultetet, og dette tiltaket fekk også uttelling i den nasjonale utdanningskvalitetspris i regi av NOKUT. Ugleprisen skal lønne godt studiekvalitetsarbeid, og bidra til at gode prosjekt får merksemd og høve til vidareutvikling.

På vegne av Utdanningsutvalet arrangerte Utdanningsavdelinga eit studiekvalitetsseminar for heile institusjonen i mars 2006. Seminaret skal verte eit årvisst arrangement som skal bidra til auka fokus kring utdanningsspørsmål og erfaringsdeling både på tvers av eigne fagmiljø og frå eksterne ressurspersonar og miljø.

I desember 2005 varsla NOKUT at kvalitetssikringssystemet for utdanning ved UiB ville bli vurdert i 2006, med besøk av den sakkyndige komiteen ut på hausten. Besøksprogrammet dagane 16. – 19. oktober omfatta 30 intervjugrupper, og komiteen møtte i alt om lag 200 studentar og tilsette. I 2006 byrja NOKUT også arbeidet med å akkreditere to master- og Ph.D.- program ved UiB, i jus og i odontologi.

## Samarbeidsprosjekt

Utdanningsavdelinga har i 2006 samarbeidd tett med nettverket Utdanning i Bergen, saman med representantar frå utdanningsinstitusjonane, næringslivet, Bergen kommune og fylkeskommunen. Nettverket arbeider for å betre Bergen som kunnskapsby og for å rekruttere fleire studentar til byen.

Utdanningsavdelinga har teke aktivt del i etableringa av prosjektet Nyskapingskompetanse som er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen (HiB) og

Norges Handelshøyskole, for å bidra til å utdanne fleire entreprenørar i bergensregionen gjennom utvikling og samordning av utdanningstilbod, og tilbod om støtte til studentbedrifter.

Prosjektet TeknoVest blei vidareført i 2006. TeknoVest er eit samarbeidsprosjekt mellom UiB, HiB, Høgskolen i Sogn og Fjordane, Sjøkrigsskolen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskolen i Ålesund. I 2006 knytte Universitetet i Stavanger og Høgskolen i Molde seg òg til prosjektet. Målet for prosjektet er mellom anna å bidra til å styrke regionen med høgt kvalifisert arbeidskraft innan teknologiske fag. Utdanningsavdelinga har leia eit underprosjekt for å rekruttere fleire studentar til dei teknologiske utdanningane ved samarbeidsinstitusjonane.



## Forskinga blir stadig meir internasjonal

I 2006 vedtok Universitetet i Bergen ein eigen handlingsplan for internasjonalisering av utdanning, forskning, forskarutdanning og formidling.

Planen inneheld ei rekkje aksjonspunkt for å auke både kvalitet og omfang av internasjonalt samarbeid, samt å profilere universitetet som eit attraktivt forskingsuniversitet i utlandet med tanke på rekruttering av både studentar og vitskapeleg personale. Eit godt tilrettelagt mottaksapparat for utanlandske studentar og gjesteforskarar er sterkt vektlagd i planen. Andre viktige satsingsområde er EUs rammeprogram for forskning, og utvikling av bilateralt samarbeid med nasjonalt prioriterte land som Nord-Amerika, Kina osv. Vidareutvikling av universitetet si strategiske satsing på utviklingsforskning er sterkt vektlagd, med til dømes tilrettelegging for å ta opp att samarbeidet med Sudan.

### EU og WUN

2006 var innspurten for innhenting av prosjektmidlar i det Sjette Rammeprogrammet (FP6). I alt forhandla UiB fram 15 nye kontraktar med EU dette året. Dei fleste av desse kontraktane startar først opp i 2007, og gav difor ikkje økonomisk utteljing i 2006. Innan utgangen av 2006 har UiB forhandla fram kontraktar for om lag 13 millionar Euro i FP6. Dette omfattar i alt 4 store integrerte prosjekt som UiB koordinerer innan kreftforskning, klimaforskning, samfunnsvitskap og humaniora. I tillegg koordinerer UiB fleire mindre prosjekt.

2006 vart eit viktig år for førebuing til det Sjuande Rammeprogrammet (FP7). I tillegg til å oppretthalde nivået av koordinerte prosjekt, er målet å auke deltaking i prosjekt koordinert av andre institusjonar med 100 prosent.

(Ill.foto)

UiB er medlem i Worldwide Universities Network (WUN), ein allianse av framifrå forskingsuniversitet i USA, Storbritannia/Europa, Australia og Canada. Føremålet med WUN er å medverke til forskningssamarbeid mellom forskarar og forskargrupper innafor nettverket. Samarbeidet kjem i gang og vert utvikla av forskarane sjølve gjennom felles forskingsprosjekt, utveksling av yngre forskarar, førelesingar gjennom virtuelle forskingsseminar, e-læring og liknande. UiB deltek aktivt i WUN innanfor ei rekke forskingssamarbeid, til dømes Grid-teknologi, klima, stamceller, middelalderstudium, globalisering og utdanning. I 2006 tok også forskarar ved UiB initiativ til å leie eit større WUN forskingssamarbeid for studium av global fattigdom og menneskeleg utvikling. Ei rekkje yngre forskarar har vore på utveksling til/frå UiB gjennom WUN International Research Mobility Scheme.

### Bilateralt samarbeid

UiB har inngått ei rekkje av nye avtalar for bilateralt samarbeid i 2006. Dei fleste avtalane er av institusjonell karakter og femner om ymse aktivitetar for fagleg samarbeid, til dømes utveksling av studentar, forskarar og lærarar, forskingssamarbeid og utdanningsamarbeid. Mellom dei meir forskingsspesifikke bilaterale avtalane som er verd å nemne, er det svært viktige og omfattande samarbeidet mellom Alfred Wegener Institut for polar og marin forskning i Tyskland og Det matematisk-naturvitskapelege fakultet ved UiB. UiB fornya også avtala med Universitetet i Costa Rica som vart inngått for første gong i 1991, og som har gjeve ramma for eit omfattande forskings- og utdanningsamarbeid og utveksling av forskarar, lærarar og studentar i meir enn 15 år. Ei fornya avtale med University of Minnesota, som også omfattar utveksling av studentar, vart underskrive i året som gjekk. Avtala byggjer på eit

mangeårig samarbeid mellom Minnesota og Bergen innanfor medisinsk forskning. Til slutt kan det også nemnast at Senter for kvinne- og kjønnsforskning ved UiB inngjekk ei avtale om forskingsamarbeid og utveksling av unge forskarar med University of New Jersey-Rutgers.

### Nye forskarskular

179 doktorandar vart uteksaminerte i 2006, fleire enn nokon gong tidlegare.

Internasjonalisering i forskarutdanninga har høg prioritet. To nye forskarskular vart skipa, ein i molekylærbiologi/bioinformatikk og ein i samfunnspsykologi. Eit prosjekt om internasjonalisering i forskarutdanninga vart sett i gang, der 526 doktorgradskandidatar svarte på ei spørjeundersøking om deira internasjonale deltaking. Under 10 prosent av desse hadde hatt eit 3-månaders opphald i utlandet under doktorgraden, men dei fleste har teke del i internasjonale konferansar og samarbeid med kollegaer i andre land. Kandidatane melder om vanskar med utanlandsopphald grunna finansiering og familie som må takast med, og mange ønskjer betre informasjon om ordningar for utanlandsopphald. Rettleiar spelar ei stor rolle i å legge til rette for doktorgrad i andre land.

### Satsar på teknologioverføring

Bergen Teknologioverføring AS (BTO) blei stifta i desember 2004, utleia av eit samarbeid mellom UiB TTO, Helse Bergen og Havforskningsinstituttet. I tillegg er BTO også kommersialiseringsaktør for Høgskolen i Bergen, Unifob AS, CMR og NIFES. BTO har no funne si rolle innanfor Bergensmodellen, og vurderer om lag 100 idear for kommersialisering kvart år.

Sidan oppstarten har BTO danna grunnlaget for oppstart av 6 bedrifter. BTO har hatt fokus på kulturbyggande tiltak, mellom anna den årlege BTO-konferansen, og uformelle møtefora for forskarar på tvers av institusjonane hos selskapet sine eigarar og samarbeidspartnarar. Det viktigaste frå 2006 er at BTO, i tillegg til idéutvikling, no også driv kommersialiseringsprosjekt. Desse prosjekta vil vere utgangspunkt for kommersialiseringar frå forskingsmiljøa i Bergen. Pr. 31. desember 2006 har BTO om lag 30 slike prosjekt i porteføljen.

## Formidlingstenester i ny drakt

Formidling er eit klart mål for verksemda ved UiB. For å auke omfanget og kvaliteten på dette arbeidet er det i løpet av 2006 blitt gjort ein del utviklingsarbeid, både når det gjeld innhald og presentasjon, på fleire av produkta til Formidlingsavdelinga. Arbeidet er ein kontinuerleg prosess for å stadig betre oppfylle målet om nå ut til flest mogleg, både i fagmiljøa og elles.

### Forskning i media

Formidlingsavdelinga tok i 2006 kontakt med TV2 Nyhetskanalen for å sikre tilgang på forskarar frå UiB til TV2 si nye satsing på ein eigen nyhendekanal. UiB har møtt behovet hos TV2 for ekspertkommentatorar til kanalen, og har også halde TV-drillingskurs for forskarar ved UiB. Avdelinga har opparbeidd og held ved like eit omfattande nettverk av journalistar i lokale, regionale og nasjonale medium, og skapar arenaer for møte og kunnskapsutveksling mellom forskarar ved UiB og desse redaksjonane.

Formidlingskursa som avdelinga har tilbydd i løpet av året, har vore svært populære både mellom yngre og meir etablerte fagleg tilsette. Tema på kursa har mellom anna vore mediekontakt, TV-intervju, krisekommunikasjon og kronikkskriving. Det er utarbeidd ein mal for handlingsplan for formidling som einingane ved UiB kan bruke.

Formidlingsavdelinga har også medverka til Forskingsdagane i Bergen.

### Tekstproduksjon

Avdelinga har lagt ut daglege internnyhende i UiB si nettavis På Høyden, og produsert eksterntnyhende på nettsidene og på [www.forskning.no](http://www.forskning.no). Ei heilt ny utgåve av På Høyden vart lansert på nyåret. Teknisk og visuell modernisering inneber mellom anna betre høve til å skilje mellom større og mindre artiklar, notisstoff, debattstoff og liknande. Det er i tillegg lagt til ei eiga spalte på engelsk med dei viktigaste sakene, for å betra informasjonen overfor den internasjonale staben ved UiB. Hausten 2006 gjennomførte På Høyden ei lesarundersøking bland dei tilsette.

Eksternmagasinet Hubro kom ut med fire nummer, og talet på abonnentar auka gjennom året. I samarbeid med profil- og design-eininga ved avdelinga fekk bladet ei ny grafisk utforming frå første nummer dette året.

Årsmeldinga for UiB er gjort tilgjengeleg på nett, i tillegg til at det er gjeve ut ei trykksak i kortform.

### TV-produksjon

TV-serien "Vendepunkt", produsert av TV-eininga Univisjon, vart ved starten av året vist i beste sendetid på NRK1. Serien på fire program, handlar om livskriser og hadde svært gode sjåartal – på det meste rundt 600 000.

"Værets ansikt" – ein dokumentar om Vilhelm Bjerknes og den moderne vêrvarslinga – vart vist på NRK 2 i samband med "Ekstremvêrveka" på NRK.

Univisjon har òg produsert for TV2 i 2006. "Mammaranet", ein dokumentar med utgangspunkt i forskning på globale omsorgskjeder, vart vist i Dokument 2 og skapte mykje debatt i norske medium. I tillegg har det vore jamnleg produksjon av innslag om forskning frå UiB for nettstaden forskning.no sin web-TV. Univisjon har også laga ein DVD om og med årets Holbergprisvinnar, Shmuel N. Eisenstadt.

### Visuell profilering og nettsider

Seksjon for profil og design har vært involvert i drygt 120 oppdrag for ulike einingar.

Aktiviteten har omfatta hjelp til produksjon av trykksaker, bøker, nettdesign, annonser, TV-grafikk samt bilethandtering og fototenester. Forutan store oppgåver som utforming og

justering av materiell knytt til studentrekruttering og studentmottak, Holbergprisen, Hubro, Features osv, har seksjonen mellom anna stått for utforminga av eit aukande tal på webstader, annonser og brosjyrar knytt til forskingsprosjekt og konferansar.

Det er oppretta ei fototeneste med særskilt fokus på portrettfoto. Tenesta arbeider tett opp mot tilrettelegginga av pressemeldingar for doktorgrader. Vårt digitale fotoarkiv har no vakse til rundt 6000 bilete, og vi merkar aukande etterspurnad etter relevante bilete både frå einingar ved UiB og frå eksterne.

I 2006 starta også arbeidet med nye nettsider for UiB sine eksterne brukarar.

## Fondsmidlar rekrutterer unge forskingsleiarar

I februar 2006 gav forretningsmannen Trond Mohn (biletet) ytterlegare 50 millionar kroner til Bergens medisinske forskningsstiftelse (BMF). Samstundes vart det for første gong utdelt midlar frå fondet. Fleire forskarar fekk tildelt midlar, og det vart dessutan utdelt store summar frå andre av UiB sine fondsmidlar.



[\[Les meir i På Høyden\]](#)

BMF delte til saman ut over 14 millionar kroner til forskingsføremål i 2006, fordelt på fire prosjekt og eitt reisestipend. Fellesnemnar for prosjekta er at alle har å gjere med translasjonsforskning, forskning som kan oppsummerast som vegen frå forskingsidé, via forskingsresultat, til klinisk bruk. BMF, og det meir uformelle samarbeidsorganet Translational Medical Research Consortium TMRC, er oppretta nettopp for å stimulere til meir translasjonsforskning ved Universitetet i Bergen og Haukeland universitetssjukehus, og dermed bygge bru mellom grunnforskning og klinisk praksis.

### Frå translasjonell psykiatri til kreftvaksine

To prosjekt fekk til saman seks millionar kroner kvar fordelt over tre år. Det eine, Translasjonell psykiatri, tek sikte på å finne frem til sårbarheitsgenar og sjukdomsmekanismar for schizofreni og manisk-depressiv sinnsliding. Prosjektet har sitt utspring i [Bergen Mental Health Research Center](#).

Det andre prosjektet, Nye innfallsvinklar til behandling av diabetes, vidarefører forskning på ei [ny form for arveleg diabetes](#), eit arbeid som har vekt internasjonal oppsikt.

Eit tredje prosjekt, Vaksinasjon av kreftpasientar, vart tildelt ein million kroner for arbeid med å prøve ut vaksinasjon av hovud/hals-kreftpasientar ved hjelp av dendrittiske celler. Det fjerde prosjektet som fekk støtte, Kreftstamceller og deira rolle ved utvikling av kjemoresistens ved brystkreft, går ut på å isolere og studere kreftstamceller, spesielle celler som er funne i ei rekkje svulstar, og som kan vere årsak til kreftsvulsten.

Til slutt fekk forskaren [Gülen Arsland Lied](#) 250 000 kroner i reisestipend, for å dekke eit opphald ved St. Mark's Hospital i London.

### Framtidas forskingsleiarar er kvinner

Bergens forskningsstiftelse (BFS) delte også for første gong ut forskingsmidlar i 2006. To unge kvinnelege forskarar har fått midlar til å byggje opp sterke forskingsmiljø ved UiB. Fysikaren Bodil Holst får to millionar kvart år i fire år av Bergens forskningsstiftelse. Det matematisk-naturvitskapelege fakultetet har lova å gje ein tilsvarande sum. Holst har utdanningsbakgrunn frå universitetet i Cambridge, men kjem no frå ei stilling som assisterande professor ved Universitetet i Graz i Austerrike. Der har ho mellom anna jobba med ein prototyp av eit atommikroskop, med heilt ny og unik teknologi. Dette vil ho ta med seg til Institutt for fysikk og teknologi. Mikroskopet skal brukast i fleire prosjekt, mellom anna UiB sitt nye nanoforskningsprogram, og vil vere eit verdfullt tilskot til det eksisterande miljøet innanfor medisinsk avbildning.

I tillegg får fysikaren Eli Renate Grüner éin million kroner frå BFS, og éin million frå Medisinsk fakultet, til å etablere forskning i tilknytning til den nye PET-skannaren til Haukeland universitetssjukehus. Det finst ikkje noko miljø for slik forskning på Vestlandet frå før, og det må difor byggast opp frå grunnen av.

#### Meltzerfondet og Bergen universitetsfond

Meltzerfondet delte ut i alt 13,7 millionar kroner til studentar, stipendiatar og forskarar i 2006, [\[les meir\]](#).

Bergen universitetsfond delte ut i alt 2,5 millionar kroner til formidlingsprosjekt og arrangement av seminar, konferansar og workshops i regi av Universitetet i Bergen, [\[les meir - pdf, 12 KB\]](#).

## Millionar til nord-sør-samarbeid

35 prosent av forskingsprosjekta innanfor NUFU-programmet er no knytt til UiB, etter at institusjonen gjorde det svært godt i siste utlysingsrunde.



NUFU (Nasjonaltprogram for forskning og utdanning ) er eit viktig nasjonalt program for å støtte akademisk samarbeid mellom forskingsinstitusjonar i Noreg og utviklingsland. Programmet er finansiert av Norad og har som føremål å byggje opp forskingskompetanse ved partnerinstitusjonane i Sør gjennom samarbeidsaktivitetar som femner om felles forskingsprosjekt, utdanning av master- og PhD-kandidatar, publisering og formidling av forskning og liknande. Det vart lyst ut midlar i 2006 for ein ny 5-årig NUFU programperiode, og Universitetet i Bergen oppnådde eit særst godt resultat i denne utlysinga. 35 prosent av heile NUFU-porteføljene i Noreg er no knytt til Universitetet i Bergen. Styret i NUFU løyvde 72 millionar kroner til 13 bilaterale prosjekt og 5 nettverksprosjekt koordinert frå Universitetet i Bergen i partnerskap med institusjonar i Sør. Senter for internasjonal helse koordinerer heile 8 prosjekt, men nesten alle fakulteta ved UiB tek del i NUFU-samarbeidet. Mange av prosjekta er også tverrfaglege og tverrfakultære.

NUFU-løyvingane medfører også at 30 institusjonar fordelt på 18 land i Sør får midlar saman med sine norske partnerar. UiB sine prosjekt omfattar land som Uganda, Tanzania, Etiopia, Sør-Afrika, Bangladesh, Nepal og Vietnam. For første gong er også Sudan med i eit NUFU-prosjekt med UiB.

I alt var det 158 på landsbasis som søkte om NUFU-midlar, og av dei 52 som fekk innvilga søknaden er 18 koordinert frå UiB. Prosjekta dekkjer både helse, kultur, miljø og marine ressursar. Av dei atten innvilga NUFU-søknadane frå UiB, er sju av de største prosjekta leia av kvinner. Løyvingane til desse utgjer 44 prosent av alle NUFU-midla til UiB.

### Unifob Global

Som ledd i å styrke utviklingsrelatert forskning, vedtok universitetet i 2006 å opprette avdelinga Unifob Global i Unifob as. Avdelinga er ei vidareutvikling av Senter for Utviklingsstudier (SFU), og mykje av SFU sin aktivitet vart planlagt overført til Unifob Global, som vart etablert 1.januar 2007. Unifob Global skal organisere forskning på tvers av

humanistiske, samfunnsvitenskapelige og psykologiske fag, og dessutan ta hand om forskning finansiert av Noregs Forskingsråd, EU og NUFU-programmet.

## Tal for 2006

### Studentar

Høsten 2006 var det registrert totalt 15872 studenter ved Universitetet i Bergen. Totalt ble det avlagt studiepoeng tilsvarende 10 652 årseiningar i 2006.

Det ble uteksaminert 2434 kandidater (1032 på bachelornivå, 873 på høyere grad og 529 på profesjonsstudiene), mot 1985 i 2005.

### Forsking

UiB har hatt høg forskingsaktivitet innanfor kjerneområda i 2006. I tillegg er nye faglege satsingar identifisert, og vil bli følgt opp i åra som kjem.

### Rekneskap

Rekneskapstal viser at verksemda ved universitetet hadde eit omfang på 2, 8 milliardar i 2006 . Endelige rekneskapstal og årsberetning for 2006 skal reviderast av Riksrevisjonen før overlevering til Utdannings- og forskingsdepartementet 15. juli 2006.

Tal for 2006 – [klikk her](#) og velg UiB - 2008



## Det historisk-filosofiske fakultet

Bloggingeksperten Jill Walker frå Institutt for humanistisk informatikk fekk i 2006 ein av dei to Meltzerprisane for framifrå forskingsformidling. I grunngevinga frå Meltzerfondet vart det lagt vekt på at Walkers loggbøker på nett er ein svært open kommunikasjonsform, og at Walker har utnytta denne openheita til å la omverda få sjå inn i, og ta aktivt del i, akademikarens verkstad for tenking og

forsking.

Leidulf Melve, postdoktor ved Senter for middelalderstudier som har eit prosjekt om propaganda frå 1100-tallet og fram til reformasjonen, fekk årets Meltzerpris for framifrå yngre forskarar. Han fekk også heider for si evne til å setje seg inn nye problemstillingar, si sterkt teoretiske orientering og ein utprega originalitet og kreativitet.

### Ibsen-samling og EU-forsking

Ibsen-året 2006 som vart arrangert i høve 100-årsdagen for diktarens død, har vore ein dugnad mellom privat og offentleg næringsliv. Mellom anna har Bergen kommune delfinansiert ei stilling som dagleg leiar for Ibsen 2006 Bergen, UiB har øyremerkt ei stipendiatstilling knytt til Ibsen-året og Sparebanken Vest delte ut 100 000 kroner av sine samfunnsnyttige midlar til Ibsen-forsking ved UiB. Midlane blei brukt til digitalisering av noko av Ibsen-materialet, og har medverka til å gjere Ibsen-samlinga meir tilgjengeleg.

I samband med førebuingane til EUs 7. rammeprogram og Tema 8 (Socio-Economic Sciences and the Humanities) hadde fakulteta eit førebuande møte med EU-kommisjonen i Brussel i april 2006. Målsetjinga var å påverke arbeidsprogrammet og dei komande utlysningane. På bakgrunn av innspel frå fagmiljøa og fakultetsleiingane er teksten i det endelige arbeidsprogrammet endra på fleire punkt.

### Senter for framifrå forskning evaluert

I midtvegsevalueringa hausten 2006 vart forskinga ved Senter for middelalderstudier vurdert i hovudsak som svært god, men forskingsrådet har bedt om tilbakemelding på leiarskap og organisatoriske forhold før det blir tatt endeleg stilling til om senteret skal vidareførast.

### Nye studietilbod og kvalitetssikring

Fakultetet har i 2006 gjennomført ei grundig kartlegging av dei bachelorprogramma fakultetet har ansvar for, og rapporten har danna grunnlag for vedtak om nedlegging av nokre program og vegen vidare for det samla utdanningstilbodet på bachelornivå. 2006 markerte også slutten for tilbodet vi har hatt innafor tolkeutdanning.

I 2006 har fakultetet fått godkjent tre nye og tverrfaglege studieprogram: USA-studiar, Språk og interkulturell kommunikasjon (i samarbeid med NHH) og masterprogrammet Region og regionalisering. I tillegg starta vi dette året opp med årsstudium og masterstudium i musikkterapi, eit studium vi har overteke frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Kvalitetssikring og evaluering har blitt meir vektlagt i 2006, på alle nivå i organisasjonen. Arbeidet med å tilpasse studieplanane til nye standardar i høve til læringsmål og -utbytte har starta, med eit særleg utgangspunkt i tilrådingane i fakultetet sin rapport om skrivning i studia. Akademisk skrivning, som var vinnaren av UiBs Uglepris i 2005, vart heidra med andre plass i departementet sin utdanningskvalitetspris i 2006. Fakultetet har brukt mykje ressursar på førstesemesterstudiet også i 2006, og førstesemesterstudiet vårt kan vise til gode resultat.

## Reorganisering og omstilling

Fakultetet slutførde prosessen med reorganisering av den faglege verksemda. Det er vedteke at ein frå og med første august 2007 skal organisere fakultetet i fem nye grunneiningar/institutt. Det er utarbeidd framlegg til nytt reglement for fakultetet og for grunneiningane. Fem instituttleiarstillingar, ein for kvar av dei nye institutta, er utlyste. Parallelt med den faglege reorganiseringa, har den samla administrasjonen vore gjennom ein grundig omstillingsprosess for å tilpasse administrasjonen til ny fagleg struktur. Alle funksjonar har vore gjennomgått, og det er definerte nye, til dømes innan instituttleiing (administrativt), forskingsadministrasjon og formidling/informasjonsverksemd. Samla er 78 administrative stillingar definerte på nytt og tilsette har søkt om innplassering i desse stillingane. Omstillingsprosessen vart slutført på slutten av 2006 etter 2 ½ års grundig arbeid.

## Det juridiske fakultet



Gjennomføringa av ny studieordning pregar framleis kvardagen ved fakultetet.

Verksemda ved Det juridiske fakultet har også i 2006 vore prega av gjennomføringa av Kvalitetsreforma med ny studieordning. Stud.mag.-undersøkinga i 2006 viste at studentane var meir nøgde med studiet på alle måleparametrane samanlikna med 2002-undersøkinga som omfatta den førre studieordninga. I tillegg har det vore lagt stor vekt på utvikling av forskingsaktiviteten og styrking av det internasjonale engasjementet. Haustsemesteret 2006 har også vore prega av fakultetet sitt arbeid med sjølvevaluering av både master- og doktorgradsutdanningane i samband med NOKUT si evaluering av fakultetet.

### Utdanning

Den nye studieordninga gjekk inn i det fjerde året haustsemesteret 2006. Framleis er det overgangskull med studentar som har eit

spesialtilpassa opplegg. Siste høve til eksamen etter gamal studieordning er våren 2007. Studentane ved fakultetet skårar relativt høgt på alle måleparametrane for gjennomstrøyming: studiepoengsproduksjon pr. registrerte student (48,5), ferdige kandidatar på masternivå (264) og utvekslingsstudentar (135).

Fakultetet har tilsett to eksterne programsensorar som leverte sin første rapport våren 2006. Dei konsentrerte seg i 2006 om 4. studieår, og i samsvar med kvalitetssystemet til UiB vil programsensorane i tida framover evaluera kvaliteten på dei andre delane av fakultetet sitt studieprogram. Fakultetet har også oppnemnt ei intern nemnd som skal vurdera justeringar i studieplanen basert på erfaringane frå dei tre første åra. Mellom anna fekk alle kursa i andre studieår frå og med hausten 2006 endra omfanget og talet på studiepoeng. I tredje studieår vert slutteksamen for dei to kursa i haustsemesteret teken samla på slutten av det andre kurset.

Det er på det reine at den nye studieordninga er ambisiøs og kostnadskrevjande. Ei mykje tiltrengt forbetring av høvetalet mellom lærar og student vil krevja ytterlegare ressurstilføring. NOKUT har starta arbeidet med evaluering av dei juridiske fakulteta. Evalueringa skulle no ha vore avslutta, men dette er utsett til hausten 2007. Ut frå den eigenevalueringa som fakultetet har utarbeidd, synest det nokså klart at ein ikkje fyller dei minstekrav som NOKUT-forskrifta stiller til fagmiljø og høvetal mellom lærarar og studentar. Det vil i åra som kjem vera ei stor utfordring for fakultetet å møta dei krava som NOKUT set for oppretthalding av akkreditering av mastergradsstudiet.

### Forsking og fagleg breidde

Fakultetet har også i 2006 lagt vekt på å oppretthalda forsking i tilstrekkeleg fagleg breidde til at fakultetet kan gje forskingsbasert undervising i alle sentrale fag på studiet. Utan at det

inneber eit brot med den dominerande tradisjonen i rettsvitenskapen med individuell forskning, har fakultetet sett behovet for utvikling av forskargrupper som mellom anna kan stimulera til utvikling av forskingsaktivitet og forskingssamarbeid innanfor sine fagområde. Fakultetet trur at ein gjennom dette også kan stimulera til meir konsentrert og samla forskingsinnsats innanfor viktige område. Fakultetet har i 2006 gjennomført ei reform av forskarutdanninga ved innføring av forskarskulen i rettsvitenskap, sjå eige punkt nedanfor.

Forutan å oppretthalda og vidareutvikla kompetansen innanfor sentrale fagområde som til dømes strafferett og straffeprosess, menneskerettar, forvaltingsrett, konkurranserett, ressursforvaltingsrett og sentral formuerett, har fakultetet i 2006 vore oppteken av å stimulera til forskning innanfor emne som har særleg relevans for nordområda, mellom anna gjennom faglege arrangement om nordområderelatert forskning på fakultetet. Vidare har fakultetet prioritert å arbeida for styrking av finansieringsgrunnlaget for fakultetet si verksemd, mellom anna gjennom Krafttaket for juridisk forskning, som er etablert i samarbeid med dei juridiske fakulteta i Oslo og Tromsø, Justisdepartementet og Noregs Forskingsråd. Etersom det viser seg at Krafttaket førebels berre i avgrensa grad dekkjer behovet for å få styrkja finansieringa av rettsvitenskapleg forskning, har fakultetet søkt å trekkja Kunnskaps- og forskingsdepartementet og leiinga ved dei tre universiteta inn i arbeidet med å styrkja fakulteta sine finansieringsgrunnlag.

### Forskarškule i rettsvitenskap

Fakultetet innførte hausten 2006 forskarskulen i rettsvitenskap. Forskarutdanninga ved fakultetet blir tilbode og gjennomført i form av opptak på universitet sitt Phd-program og deltaking på fakultetet sin forskarskule. Forskarškulen inneheld fem modular: 1) Rettsteori og metodelære, 2) Forskingsetikk, 3) Opplegg av avhandlinga og praktiske metodeproblem, 4) Utvalde rettsvitenskaplege emne og problemstillingar, og 5) Framlegging av eigne prosjekt. Desse modulane gjev forskaropplæring med til saman 30 studiepoeng.



## Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

Samarbeid om forskning og utdanning gjev gode faglege resultat.

I 2006 blei Bergen Climate Model (BCM) etablert ved Universitetet i Bergen. Det er ein globalt kopla klimamodell som simulerer både atmosfære, hav og havis. BCM er utvikla gjennom eit omfattande samarbeid mellom Geofysisk institutt og Nansensenteret over fleire år. Nansensenteret, som fylte 20 år i 2006, har utvikla havmodellen, medan meteorologane på Geofysisk Institutt har stått for atmosfæredelen. Modellen er eit viktig grunnlag for klimaforskninga ved Bjerknessenteret, eit senter for framifrå forskning (SFF). Modellen er òg viktig for det mellomstatlege klimapanelet (IPCC) som legg fram nye klimascenarie i ein hovudrapport i 2007.

### Ny energikjelde

I 2006 blei fleire store forskningssamarbeid etablert ved Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet. Eitt av dei fokuserer på gasshydrat, som kan bli ei ny energikjelde i framtida. Universitetet i Bergen har fått ansvaret for koordineringa av dette nasjonale prosjektet. Det er støtta av Noregs forskingsråd og industrien, og er eit samarbeid mellom forskarar frå tre institutt ved UiB, Universitetet i Tromsø og ei rekke forskingsinstitusjonar i Noreg. Gasshydrat har eit stort potensiale som energikjelde. Forskinga på dette inneber eit tverrfagleg samarbeid innan geologi, fysikk, kjemi, geoteknikk og biologi. Prosjektet vil også være viktig for å kartlegge potensielle farar som kan oppstå ved produksjon av olje.

### Samarbeid og besøk

Mastergradsstudentane ved Institutt for biologi undersøkte i 2006 vasskvaliteten og parasitten Giardia i Bergen. Dette prosjektet vart utarbeidd i samarbeid med Bergen kommune og var svært vellukka.

Eit nytt laboratorium, det såkalla NMR-laboratoriet, blei offisielt opna av dekanus 22. mai. NMR-laboratoriet ligg ved Kjemisk institutt og vil legge til rette for tverrfagleg forskning. 17. mars var Statoil si konsernleiing med Helge Lund i spissen på besøk til Universitetet i Bergen. Lund heldt eit livleg foredrag for omlag 40 studentar ved Institutt for teknologi og fysikk, og fekk omvising i petroleumslaboratoria.

### Fleire kvinner



I 2006 blei fakultetet sin handlingsplan for betre kjønnsbalanse vedteke. Den legg opp til at fakultetet skal tilsette fleire kvinner i vitenskaplege stillingar i åra som kjem. I 2006 blei Corrina Schrum tilsett som den første kvinna i fast vitenskapleg stilling ved Geofysisk institutt. Dette instituttet har faktisk hatt overvekt av kvinnelige studentar dei siste åra.

Førsteamanuensis Corrina Schrum.

### Doktorgradsrekord

Aldri før har det vore avlagt fleire doktorgradar ved fakultetet. Heile 77 personar disputerte for doktorgraden, ein auke på 6 i høve til den gamle rekorden.

Det er framleis ein auke i studentane sin studiesuksess. Sjølv om talet på studentar ved

fakultetet har gått noko ned etter at det hausten 2005 vart krav om realfag frå vidaregåande skule, består studentane fleire eksamenar.

For å gjera kjent at vestlandsregionen samla har eit breitt utdanningstilbod innan teknologi, inngjekk UiB eit samarbeid med dei andre høgare utdanningsinstitusjonane i regionen, det såkalla TeknoVest-samarbeidet. Gjennom TeknoVest vert det samla teknologiutdanningstilbodet gjort synleg mellom anna gjennom skulebesøk, på utdanningsmesser og på internett.

Realistutvalet sin forelesarpris gjekk i 2006 til høgskulelektor Amir Hashemi som er engasjert for å gje grunnundervisning i matematikk.

### Nye forskarskuler

I 2006 etablerte Institutt for informatikk to nye forskarskular. I

mars vart opninga av Research School in Information and Communication

Technology markert, og i oktober opna Molecular and Computational Biology

Research School. Sistnemnte er ein forskarskule i samarbeid med

Molekylærbiologisk institutt, Sars-senteret og bioinformatikk-eininga til

Unifob: Computational Biology Unit. Skulen har teke opp omlag 20 studentar og reknar med å ha mellom 40 og 50 studentar til kvar tid. Eit utvida samarbeid med Institutt for Biomedisin innanfor ramma av MCB vil truleg verta etablert i 2007.

- Forskarskule i IKT, [[les meir](#)].
- Forskarskule i Molecular and Computational Biology Research, [[les meir](#)].

## Det medisinske fakultet

Rekordår for medisinsk og helsefagleg utdanning.



Utdanning, forskning og formidling innan medisin og helse har vore høgt prioriterte område internasjonalt og i Noreg. Hovudutfordringa til fakultetet er å integrere satsingar innan forskning, og å etablere nye studieprogram i den eksisterande drifta i grunnmiljøa - til dømes farmasi, ernæring og nye helsefag (genetisk rettleiing og manuell terapi).

### Organisasjon i endring

Det medisinske fakultet har dei siste åra gjennomført ei omfattande omstilling. Fakultetet har tilsett instituttleiarar med omfattande fullmakter frå 2005. I 2006/2007 skal fakultetet gjennomføre ein samanslåingsprosess med Det odontologiske fakultet. Riktig gjennomført kan dette gi eit vinn-vinn-resultat for alle involverte.

### Utdanning og kvalitet

I tråd med intensjonane i kvalitetsreforma arbeider fakultetet med å nytta felles undervising og infrastruktur, mellom anna frå profesjonsstudiet i medisin så langt det passar, også i nye studium som vert oppretta. Kvalitetsutvikling og evaluering har i alle år vore nytta aktivt i fakultetet sitt "basisfag", profesjonsstudiet i medisin. Det er svært gledeleg at utdanninga ved fakultetet fekk ei god evaluering i den nasjonale akkrediteringa som vart gjennomført i 2006. Føremålet med ei akkreditering i regi av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT), er å kontrollere og godkjenne kvalitetssikringssystemet på studietilboda.

### Viktig translasjonsforskning

Fakultetet fokuserer sterkt på translasjonsforskning. I translasjonsforskning vert problemstillingar og moderne og avanserte metodar frå grunnforskninga nytta for å løyse kliniske problemstillingar. Ei forskingsgruppe frå psykologi og medisin innan alvorlege sinnslidingar (Severe Mental Disorders), som i 2006 nådde finaleomgangen i tildelinga av Senter for framifrå forskning (SFF), er eit godt døme på eit omfattande translasjonsprosjekt. Ein samlokalisert forskingspark med universitetssjukehuset og moderne avansert vitenskapleg utstyr gjer at fagmiljøa ved fakultetet har unike rammevilkår når det gjeld samarbeid mellom fagmiljø innan grunnforskning og pasientretta forskning.

### Aukande arealbehov

Det medisinske fakultetet har eit aukande arealbehov grunna oppretting av nye utdanningstilbod og aukande studenttal. Fakultetet arbeider med å ta Armauer Hansens hus

(AHH) i bruk som studenthus med moderne utstyrte lesesalsplassar, grupperom og administrasjonskontor for dekanat og fakultetssekretariat.

## Det odontologiske fakultet

Kvalitetssikring står i sentrum ved byrjinga av det siste året som eige fakultet.



2006 har vore eit år med mange utfordringar og ressurskrevjande oppgåver for Det odontologiske fakultet (DOF). Det har mellom anna vore nytta store ressursar på å revidere studieplanar, førebu administrativ og fagleg samanslåing med Det medisinske fakultet, og å følgje opp kvalitetsreforma. I tillegg er NOKUT i gong med å evaluere fakultetet si odontologi- og forskarutdanning.

### Kvalitet i utdanninga

Kvalitetssikring har vore viktig i 2006. Fakultet har arbeidd med å systematisere dei eksisterande, og iverksetje utbetra, kvalitetssikringsrutinar. Sjølv om DOF over tid har lagt stor vekt på kvalitetssikring av dei kliniske utdanningane, har det i 2006 vore fokusert særskilt på dette. NOKUT har hatt gåande evalueringar for reakkreditering av både universitetet sitt kvalitetssikringssystem og DOF si odontologi- og forskarutdanning. DOF har fullført revidering av studieplan for profesjonsstudiet i odontologi.

Frå hausten 2006 starta DOF eit internt program for oppgradering av tilsette instruktørtannpleiarar med toårig utdanning, til bachelor i tannpleie.

Resultatmål for studiepoeng/årseiningar, produserte studiepoeng pr. student, uteksaminerte kandidatar på mastergradsnivå og utvekslingskandidatar er nådd med god margin i 2006.

### Styrka forskning

Fakultetet sin forskingsstrategi vart i 2006 implementert på fakultetet med styrking av forskargruppene, auka fokus på forskingsleiing, samt insentivbasert budsjettfordeling innan forskning. Ressursar som forskingsmidlar, forskarutdanningskandidatar og kandidatar på masterprogrammet i oral science, vil bli prioritert for dei gruppene som klarar å halde høg aktivitet og skaffe ekstern finansiering. Fakultetet har etablert eigen administrativ forskingsseksjon for å kunne støtte forskargruppene i søknader om eksterne midlar og andre forskingsadministrative behov.

### Handlingsplan for formidling

Fakultet har i 2006 laga og vedteke "Handlingsplan for formidling". Fakultet har identifisert ekstern og intern informasjonsverksemd som ei av dei viktigaste utfordringane for odontologisk forskning og utdanning i framtida. Særleg gjeld dette bruk av internett som

formidlingskanal. Handlingsplanen er meint å vere eit viktig verktøy for både auke medvit kring formidling i organisasjonen, og som eit praktisk verktøy for formidling. I 2006 vann fakultetet publikumsprisen for fjerde år på rad i forskingsfestivalen Forskingsdagane med prosjektet Tenner gir spor.

#### Det medisinsk-odontologiske fakultet

Universitetsstyret gjorde i juni 2006 eit prinsippvedtak om samanslåing av Det medisinske og Det odontologiske fakultet. Det odontologiske fakultet har i 2006 for alvor byrja førebu seg til samanslåing, og arbeidet krev mykje ressursar. Året 2007 blir truleg det siste som eige fakultet.

#### NOKUT – reakkreditering

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) evaluerer i studieåret 2006/2007 tannlege- og forskarutdanninga ved DOF med sikte på fornye akkreditering. Evalueringa har ført til ein omfattande intern gjennomgang av alle delar av organisasjonen. NOKUT fekk i november tilsendt ein sjølvalueringsrapport frå fakultetet med dokumentasjon av vår aktivitet. I 2007 vil NOKUT følgje opp rapporten med fakultetsbesøk og intervju av både studentar, vitskapeleg tilsette, kliniske instruktørar og administrativt ansvarlege. Evalueringsrapporten frå NOKUT er venta ferdigstilt hausten 2007.

## Det psykologiske fakultet

Nye forskingsgrupper gjev betre rekruttering og finansiering



Fakultetet har dei siste åra vore prega av sterk vekst i studietilbodet. I utdanningsstrategien for komande periode har fakultetet difor lagt hovudvekt på konsolidering av studieprogram og evaluering av porteføljen.

Ei viktig hovudsatsing for fakultetet har vore å auke gjennomstrøyminga og å redusere strykprosenten på årsstudiet i psykologi, som er inngangsstudiet til psykologutdanninga ved UiB og del av to bachelorprogram ved fakultetet. Hausten 2006 blei eit eige nettbasert skrivekurs som er utvikla ved fakultetet, [www.psykologiskriving.uib.no](http://www.psykologiskriving.uib.no), teke i bruk som hjelpemiddel for førstesemesterstudentane. Fakultetet har også lagt særleg vekt på å auke kvaliteten på seminarane på årsstudiet gjennom utvikling av faglege rettleiingar og tett oppfølging av seminarleiarane. Dette, saman med tidlegare iverksette tiltak, har ført til at den gjennomsnittlege strykprosenten på årsstudiet er redusert frå 36 i 2004 til 19,5 i 2006. Eit lenge ønska masterstudium i arbeids- og organisasjonspsykologi vart utlyst med start hausten 2006. Det var stor etterspurnad og 20 godt fagleg kvalifiserte og høgt motiverte masterstudentar deltek no på dette studiet.

### Satsar på forskingsgrupper

Fakultetet har i 2006 arbeidd aktivt med forskingsgruppeetablering, der målsettinga er at alle vitenskapleg tilsette skal bli knytt til ei forskingsgruppe. Erfaringane med forskingsgruppeetablering har så langt vore positive. Gruppeetablering har styrka pågåande forskning, gjeve betre rekruttering og starta ny forskingsaktivitet. I tillegg har tidlegare etablerte forskingsgrupper lukkast bra i å få eksterne midlar frå både lokale, nasjonale og internasjonale finansieringskjelder innanfor fleire av fakultetet sine fagområde. Fakultetet har i 2006 hatt fleire søknader og fellesprosjekt med andre institusjonar, andre fakultet, og i samarbeid med helseføretak i regionen. Det har vore ein markert vekst i talet på stipendiatar som vert teke opp i fakultetet sitt forskarutdanningsprogram dei seinare åra. Mot slutten av året var fleire enn 100 kandidatar registrerte i programmet. Det har dessutan vore ein stor auke i talet på avlagte doktorgrader, heile 16 kandidatar disputerte.

Ein har satsa mykje på internasjonal rekruttering, særleg på postdoktor- og professor II-nivå. Fakultetet har i 2006 rekruttert om lag ti nye professor II-stillingar der alle representerer internasjonal spisskompetanse på sine område.

### Nye forskarskular

I 2006 vart det etablert to nye forskarskular ved fakultetet, Graduate School in Human

Interaction and Growth (GHIG) og Graduate School in Individual and Clinical Psychology (GCIP). Sosiale og psykologiske endringsprosessar er det overordna tematiske fokuset for GHIG, der ein mellom anna skal forske på organisasjon og leiing, skuleutvikling og læring, helsefremming og førebyggjande tiltak. GCIP sitt tematiske fokus er psykisk helse i høve til individuell utvikling, risiko- og beskyttelsesfaktorar, samt behandling og intervensjon.

### 32 prosent kvinnelege professorar

Fakultetet har i 2006 sett i verk fleire særskilde tiltak for å betre vilkåra for fast tilsette kvinnelege forskarar, mellom anna likestillingssamtalar med prodekan for å stimulere fagleg karriereveg, tildeling av stimuleringsmidlar som til dømes støtte til frikjøp, vitenskapleg utstyr, seminardeltaking og liknande. Det blei i 2006 tilsett kvinner i fire av fem faste vitenskaplege stillingar (1.amanuensis), og fakultetet har høgast andel av kvinnelege professorar ved UiB (32 prosent).

## Det samfunnsvitskaplege fakultet

Nye satsingar og store EU-prosjekt



Fakultetet har også i 2006 prioritert dei forskingsfeltene som er omtalt i Forskingsmeldinga og i UiBs strategiar. Mellom dei nye sentrale satsingane som UiB er i ferd med å utvikla, er Demokrati og rettsstat, Region og regionalisering og Europeisk integrasjon særleg relevante for samfunnsfaga. To av desse - Demokrati og rettsstat og Europeisk integrasjon - er dels initierte av SV-fakultetet. Fleire av fagmiljøa ved fakultetet er med i planarbeidet og utviklinga av desse nye satsingane. Det er stor aktivitet også innan utviklingsforskning. Denne strategiske satsinga er styrkt både gjennom etableringa av ei avdeling for utviklingsforskning innan Unifob, og ved at samarbeidet med Christian Michelsens Institutt er konsolidert. To SFF-søknader frå Institutt for informasjons- og medievitskap gjekk vidare til andre kvalifiseringsrunde. Etableringa av Nile Basin Research Programme (NBRP) i 2006 har også vore viktig for fakultetet og universitetet si langsiktige satsing innan utviklingsforskning. Innanfor EUs 6. rammeprogram deltek fakultetet i to store forskingsprosjekt:

- EUROSPHERE

----- (EUROSPHERE) er eit såkalla Integrert prosjekt som er koordinert av Universitetet i Bergen. Prosjektet er 5-årig (2007-2012) og har 17 partnerinstitusjonar frå 16 land. Om lag 150 forskarar vil delta i ulike delar og fasar av prosjektet. Prosjektet er initiert og vert leia av Yngve Lithman og Hakan Sicakkan ved Universitetet i Bergen.

Målet med EUROSPHERE er å utvikla innovative perspektiv på den europeiske offentlege sfæren (European Public Sphere) og å identifisera kva faktorar som lettar eller hindrar artikuleringa av ein europeisk offentleg sfære. Prosjektet skal ikkje utforma ein modell av ein offentleg sfære tilpassa normative ideal, men utvikla eit perspektiv som samsvarar med mangfaldet i dei europeiske samfunna. Med eit slikt mangfald-perspektiv søker forskarane å identifisera element som fører til openheit eller lukking i ulike typar av offentlege rom i Europa. EUROSPHERE vil undersøkje korleis politisk kommunikasjon, samhandling og aggregering av interesser i politiske spørsmål kan finna stad på fleire nivå på tvers av ulike typar av kommunikative offentlege rom. Prosjektet skal også vurdere kva rolle ulike sosiale og politiske aktørar spelar i artikuleringa av ein europeisk offentleg sfære. Sluttproduktet av EUROSPHERE vil vera ein kunnskapsbase som kan gje grunnlag for politikktutforming og tena som ein vital kunnskapsbank for samfunnsborgarar, organisasjonar, akademikarar og politikarar.

- FEMCIT

#### Gendered C

Movements (FEMCIT) er eit Integrert Prosjekt som er koordinert av Universitetet i Bergen. Prosjektet er 4-årig (2007-2011) og har 15 partnerinstitusjonar frå 10 ulike EU/EØS-land. Det berande temaet er korleis sosiale rørsler verkar inn på kjønna medborgarskap. Korleis har kvinnerørslene frå 1970-talet og frametter vore med på å påverka, utforma og endra kvinners og menns deltaking i samfunnslivet? Prosjektet skal undersøkje desse samanhengane innanfor seks ulike felt: politisk medborgarskap, økonomisk medborgarskap, sosialt medborgarskap, multikulturelt medborgarskap, kroppsleg/sekstelt medborgarskap og intimitetens medborgarskap. Kategorien kjønn må sjåast i samheng med andre variablar som etnisitet, nasjonalitet, religion, seksualitet og klasse.

FEMCIT-prosjektet skal gjennomføra ein fleirdimensjonal analyse av korleis kvinner sin medborgarposisjon er utforma av den komplekse samanhengen mellom politiske og sosioøkonomiske institusjonar og personlege og private forhold. Vidare skal prosjektet utforska korleis vilkår for deltaking, inkludering og ekskludering er knytt til kjønn og multikulturalisme, og korleis desse vilkåra spelar saman med andre undertrykkingsaksar. Kjønn medborgarskap vert utforska frå eit medborgarperspektiv samtidig som det vert lagt vekt på korleis medborgaren sitt liv er påverka av – og sjølv påverkar – politiske prosessar. Forskargruppa vil diskutera endringar og variasjonar både i diskursar og i dei faktiske liva kvinner i ulike delar av Europa lever. Målet er å utvida forståinga av den dynamikken som eit multikulturelt Europa skapar i form av nye måtar å leva, arbeida og praktisera kjønna medborgarskap på.

## Fri tilgang til forskning

UiB ligg langt framme i utviklinga av fritt tilgjengelege, elektroniske institusjonsarkiv. I april 2006 var Universitetsbiblioteket i Bergen vertskap for eit møte for brukarane av programvaren DSpace, som mellom anna blir brukt i UiB sitt eige elektroniske arkiv, BORA. DSpace User Group Meeting varte i tre dagar og samla bibliotekfolk og programvareutviklarar frå 19 nasjonar.

BORA er ein del av eit stort, internasjonalt initiativ for å gjere forskning ope tilgjengeleg på nett, og demme opp for utviklinga i dei kommersielle tidsskrifta. No er det slik at nokre få aktørar kontrollerer marknaden, og universiteta må i aukande grad betale store summer for å kjøpe tilgang til forskning gjort ved eigen institusjon. Det gjer at store mengder kunnskap blir utilgjengeleg for brukarar i fattige land, samstundes som universitetsbiblioteka må redusere innkjøp av bøker fordi stadig meir av budsjettet går til å abonnere på elektroniske tidsskrift. UB arbeider difor for å få fleire av forskarane ved UiB til å publisere sine artiklar og avhandlingar i BORA, parallelt med at dei blir publiserte i fagfelleverderte tidsskrift.

DSpace er eit verktøy basert på open kjeldekode, og er utvikla ved Massachusetts Institute of Technology. UB har gjort fleire tilpassingar i Dspace for å gjøre Bergen Open Research Archive (BORA) meir funksjonelt.

Universitetsbiblioteket har i 2006 auka talet på vitenskaplege publikasjonar produsert ved UiB i [BORA](#). Det har òg arbeidd for at mest mogleg av forskingsresultata skal gjerast fritt tilgjengelege, både nasjonalt og internasjonalt. På dette feltet er det eit samarbeid mellom anna med [NORA](#) (Norwegian Open Research Archive), [OAI](#) (open Archives Initiative) og med Universitets- og høgskolerådet sitt bibliotekutval.

Samstundes har Universitetsbiblioteket følgd opp plan for overgang frå trykte til elektroniske informasjonsressursar. Det er brukt om lag 4,5 mill. kr meir til tilgang til elektroniske ressursar (e-tidsskrift, e-bøker og databasar) i 2006 enn i 2005. Talet på elektroniske abonnement steig frå 11.100 i 2005 til 11.770 i 2006, medan talet på trykte abonnement vart redusert frå 7.700 i 2005 til 6.995 i 2006. Talet på elektroniske bøker steig frå 24.000 i 2005 til 32.850 i 2006.



## Bergen Museum

Internasjonal formidling og fleire forskingsprosjekt

I oktober debuterte ein pilot av vandreutstillinga *Dypere enn lyset* eller *Deeper than light*, på vitskapsfestivalen *Festival della Scienza* i Genova. Utstillinga gjekk vidare til finalen i Helsinki i desember og fekk "heiderleg omtale". Planen er at

heile utstillinga har si internasjonale opning i Paris i mars 2007. Utstillinga er eit samarbeid med det internasjonale forskingsprosjektet *Mar-Eco*. Utstillinga, med undertittel *Kunst – Vitenskap – Teknologi*, viser genuint biologisk materiale, ein multimediepresentasjon og historiske illustrasjonar, i tillegg til nye arbeid av kunstnaren Ørnulf Opdahl og den britiske naturfotografen David Shale. NRK-programmet "Havlandet" vil òg bli vist som ein del av utstillinga, [[les meir](#)].

### Utstillingar

I 2006 viste museet mellom anna 3 innlånte vandreutstillingar: *Bandoneon – frå bergmannspel til tangosjel* (eit samarbeid med *Festspillene i Bergen*), *Stillehavets mønstre* om ulike tekstilar og bruken av desse og *Afrikanske masker* (eit samarbeid med Stiftelsen 3,14). Alle utstillingane var på Dei kulturhistoriske samlingar. Her opna òg barneutstillinga *Mot fjerne land og tider*. Utstillinga appellerer til fantasirik involvering med historieforteljing og høve til å kle seg ut. På De naturhistoriske samlingar opna utstillinga *1896-1996 Miranda Bødtker: 100 år i kunsthåndverkets og dokumentasjonens tjeneste*. Utstillinga skal på vandring i inn- og utland. Museet utviklar nettutstillingar etter kvart som nye utstillingar blir produsert og vist. På denne måten får ein bygd opp eit arkiv over utstillingar sjølv om dei fysiske er tekne ned. I tillegg lagar ein utstillingar som berre blir viste på nettet, [[les meir](#)].

### Forsking

Det tverrvitskapelege prosjektet i *Reinsdyr og reinsdyrfangst på Hardangervidda gjennom 2000 år* starta opp i 2006 og blir leia frå Dei kulturhistoriske samlingar. Prosjektet omfattar forutan arkeologi også fagområda marinarkeologi, osteologi, genetik, klimatologi, kvartærgeologi og vegetasjonshistorie. Prosjektet har fagfolk frå *Sjøfartsmusa* i Stavanger, Bergen og Trondheim, *Kulturhistorisk Museum - Universitetet i Oslo*, Norges Veterinærhøgskole og *Bjerknessenteret ved UiB*. Ved å undersøke fysiske spor etter gamal reinsdyrfangst kan forskarane mellom anna finna ut kvifor fangstomfang og -intensitet har endra seg. Dei søker etter indikasjonar på om funnmangelen i åra 500-1100 har kulturelle, klimatiske eller biologiske årsaker, og om storfangsten på Nord-Vidda i høgmiddelalderen var basert på lokale behov eller om den var organisert frå byane. Gjennom osteologiske undersøkingar og DNA-analyser vil ein kartlegge genetiske endringar i reinsdyrpopulasjonane og undersøke om gjenstandar av gevir frå funn i sørnorske byar kan knytast til råstoff frå Hardangervidda.

*Riverbasin ecosystem* er eit prosjekt som studerer tilhøvet mellom ulike aktørar knytt til *Klamath Riverbasin* nord i California. *Klamath River* var ei av de rikaste lakseelvene i Nord-Amerika. No har damanlegg og forureining frå jordbruk redusert laksebestanden kraftig, og dette har spesielt gått ut over livsgrunnetil det indianske urfolket i området. Prosjektet er et samarbeid mellom *California Science Center*, Los Angeles, *Estonia National Museum*, Tartu, og *Bergen Museum* og mottok *International Partnership Among Museums (IPAM) Award 2006* av *American Association of Museums* (US\$ 12 000).

Ved De naturhistoriske samlinger har biologane arbeidd med systematikk innan lav, insekt, marine krepsdyr og marine fisk, både ut frå eit morfologisk og et molekylærsystematisk perspektiv. Publiserte forskingsresultat i 2006 omfattar for ein stor del nye skildringar av slekter og arter innan insekt (mellom anna fjørmygg) og lav. Forsking basert på dei osteologiske samlingane avspeglar seg i publiserte artiklar om klima- og faunahistorie, mens forskning retta mot kulturlandskapet har resultert i artiklar om biodiversitet i slåttenger og om jordbrukets historie. Eit EU-prosjekt om hagehistorie blei avslutta i 2006 og kombinerer taksonomiske undersøkingar med historiske data.

Biologar har vore involvert i **Barcoding of Life**, som er eit stort internasjonalt prosjekt med føremål å opprette eit identifikasjonsverktøy basert på DNA-sekvensering. Fleire tilsette har vore involvert i arbeidet med Norsk Raudliste (karplanter, lav, fleire leddyrfamiliar, marine fisk).

I Klebersteinsprosjektet jobbar geologar med å finne kva brot som har levert kleberstein til kyrkjene frå middelalderen i Bergen og Hordaland. Dette kan ein finne ut mellom anna ved hjelp av geokjemiske analysar. Feltarbeidet har vært konsentrert om bakstehellebrota frå middelalderen i Hatlestrand, i samarbeid med arkeologar.

### Vitskaplege samlingar

Mange av dei vitskaplege samlingane har hatt stor utlånsaktivitet. Det naturvitskaplege miljøet har hatt gjesteforskarar frå utlandet for å utføre taksonomiske studiar ved samlingane. I 2006 har det vore stor interesse for marine organismar (blekksprut, manetdyr, fisk), for ein stor del knytt opp mot det internasjonale MAR-ECO-prosjektet. Dei osteologiske samlingane og fanerogam- og kryptogamherbaria har og vore godt besøkt. Dei kulturhistoriske samlingane har hatt besøk av gjesteforskarar, og det er lånt ut materiale til forskings- og utstillingsformål i inn og utland. Det har vore ei aukande interesse for materiale frå middelalderen. Det er stor etterspørsel etter fotografi av gjenstandar frå dei kulturhistoriske samlingane til bruk i bøker, tidskrift, utstillingar og liknande.